

Musea på Sunnmøre

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Museumsvegen 1
6015 Ålesund

Tlf: 70 16 48 70
Bankkonto: 3900 30 59 840
Foretaksregisteret: NO 98 9377132 MVA
www.sunnmore.museum.no

Vår dato
03.11.2020

Dykkar dato

Vår referanse
20/00005-3

Dykkar referanse

Detaljregulering for Rotsetfjæra gbr. 30/157, 30/286 m.fl. - Nytt offentlig ettersyn

Vi syner til høyring av nytt offentleg ettersyn av Reguleringsplan for Rotsetfjæra, datert 21.09.2020. Musea på Sunnmøre er eit regionalmuseum og har sidan 2004 hatt det museumfaglege ansvaret for formidling og forvaltning Garverimuseet. Garverimuseet er omfatta av planområdet og vi ynskjer difor å uttale oss til reguleringsplanen.

Området er tidlegare regulert til industriføremål. Det nye reguleringsføremålet legg opp til bygging av bustadblokker med til saman 30 leilegheiter og ein firemannsbustad. Planen legg opp til to bustadblokker på fem etasjar, samt ein firemannsbustad.

Tiltaka er planlagt i eit område med fleire freda bygningar. Ristetunet er vurdert til å vere av nasjonal verd og vedtaksfreda etter kulturminnelova. Områda er omtala i *Regional delplan for kulturminne* av regional og nasjonal verdi og *Kommunedelplan for kulturminne 2017-2019*. Planområdet omfattar 22 registrerte Sefrak-objekt med hus som har ein alder frå tidsbolken 1838 til 1916.

I dagens landskap er Garvarbuda og Ristehuset dei høgste elementa i området. Musea på Sunnmøre meiner det er uheldig med blokkbebyggelse då desse vil verte høgare enn dei freda kulturminna av nasjonal verdi og dominere landskapet i for stor grad. Museet er skeptisk til høge bygg som dominerer dei historiske bustadane langs Naustvegen.

Overordna bruk og prosess

Musea på Sunnmøre hadde sett at det kunne ha vore ein fordel om spørsmålet om høge blokker hadde vore vurderte i ein overordna kommuneplan, før ein går i gang med detaljregulering av Rotsetfjæra.

Garvarbuda

Område H730_1 med Garvarbuda, naust og landgangsvor er foreslått regulert til kulturinstitusjon med bandlegging etter lov om kulturminne. Det er ikkje høve til å gjere bygningsmessige endringar eller terrenginngrep utan at dette er lagt fram for kulturminnemynde.

Stien på baksida av Garvarbuda vert teke vare på som ein del av tursti i området.

Sjøareala utanfor Garvarbuda er definert som ei omsynssone, o_VFE2, som skal sikre fritt utsyn.

Planen legg opp til tilførselsveg o_SKV3, samt gang- og sykkelsti o_SGS1 som vil sikre ei tilknytning mot sentrum for mjuke trafikantar.

Parkeringsplass. På område o_SPP er det sett av eit areal til parkeringsplass tiltenkt besøkande til museumsområde.

Landgangsvoren

Ved landgangsvoren har ein planar om å fjerne fyllinga inntil voren, slik at voren kjem fram. Museet er positiv til at landgangsvoren vert tilrettelagt, men gjer merksam på at det i framtida vert større behov for vedlikehald av voren.

Vår dato
03.11.2020

Vår referanse
20/00005-3

I området bortanfor landgangsvoren (mellom bustadblokk og museum) er det sett av areal til vegetasjonsskjerming, f_GV. Målet med skjerminga er omsynet til museumsområdet.

Utanfor Garvarbuda er det sett av område til ein kvartalsleikeplass (o_BLK4) som gjev plass for leik og opphald for born. Samstundes som det opnar for mogleg sambruk med Garvarbuda og sjøområde.

Leikeplassen fungerer som ein buffer slik at avstanden mellom Garvarbuda og nærmaste bustadblokk 46 meter. Vi spør om dette er langt nok når det er lagt opp til bustadblokker på fem etasjar.

Bortanfor kvartalsleikeplassen er det planlagt eit båtopptrekk for båtar opp til 20 fot. Opptrekket skal vere open for ålmenta slik at ein kan setje ut kajakkar og kanoar. Nærleiken til Garvarbuda kan også gje moglegheiter for at ein kan ta opp eldre trebåtar som kan nyttast her.

Konklusjon

Musea på Sunnmøre er positiv til at området får eit ansiktsløft og ei opprydding. Dette vil vonleg auke bruken av området for ålmenta, noko vi ser positivt på. Likevel meiner vi at dei kulturhistoriske bygningane og deira miljø med denne planen vert for pressa. Musea på Sunnmøre meiner at bygga slik dei framstår no, vert for dominerande i høve til det kringliggande landskapet. Vi tilrår at ein går ned på talet på etasjar, slik at dei historisk viktige bygningane Ristetunet og Garvarbuda fortsatt framtrer som dei høgste og synlegaste i landskapet.

Tiltaka rundt landgangsvoren gjer det lettare å kunne drive museumsformidling i området enn dagens situasjon. Det er også positivt med eit båtopptrekk, som gjer det lettare å kunne nytte mindre trebåtar i formidlinga.

Audhild Gregoriusdotter Rotevatn
Administrerande direktør

Torbjørn Akslen
Avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent, og har difor ikkje handskrivne signaturar.